



Koret hadde spontankonsert for eit brudepar i Amsterdam.

Vi minner om at koret Røyserett for alle har konsert i Helgheim torsdag 4.juni kl.19.00. Koret var som kjent nyleg på tur til Nederland, og dei vil no presentera programmet frå turen, for heimepublikummet. Dei gjorde stor lukke med konsertar i den engelske kyrkja i Amsterdam og sjømannskyrkja i Rotterdam.

Koret lovar at dei er i toppform og har eit variert og godt program. Dei vert som vanleg dirigert av sin faste dirigent Maria Malmsten. Frode Kaldestad set ein ekstra spiss på programmet med pianospelet sitt.

Elles vert det salg av kaffi og kaker, og billetter vert selde ved inngang og kostar 100,-kr.

Koret ser fram til å syngja i Helgheim der dei øver kvar torsdag, og dei håpar mange kjem for å høyra på.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Eirik Sverdrup